

Sak nr	Utval	Møtedato
33/19	Det faste planutvalet	14.05.2019

DETALJREGULERING FOR GNR.25 BNR.019 M.FL - TRAFIKKAVVIKLING SKULEOMRÅDET I SKODJE SENTRUM - OFFENTLEG ETTERSYN

Det faste planutvalet

14.05.2019

Handsaming:

Kjell Haukeberg sette fram følgjande tilleggsframlegg:

Det faste planutvalet ber om at det vert vurdert ei forbikøyringslomme nord for krysset i den vestlegaste avkøyringa til skuleområdet.

Rådmannens framlegg, med tilleggsframlegg sett fram av Kjell Haukeberg, vart samrøystes vedteke.

Innstilling/vedtak:

Det faste planutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-10, å legge forslag til reguleringplan for trafikkavvikling for skuleområdet i Skodje sentrum, vert lagt ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre, med plankart, planomtale og føresegner, datert 30.4.2019.

Det faste planutvalet ber om at det vert vurdert ei forbikøyringslomme nord for krysset i den vestlegaste avkøyringa til skuleområdet.

Vedlegg

Plankart, planomtale og føresegner, datert 30.4.2019

Tilkomstveg – Plan og profil

Illustrasjonar av planområdet i vest

Oppstart av planarbeid, jf.FPU-sak 42/18 frå møte 5.6.2018

Trafikale vurderingar – Skuleområdet i Skodje sentrum - Rapport datert april 2017

Uttale frå Norges vassdrag- og energidirektorat, datert 1.10.2018 og 10.2.2019

Uttale frå Statens vegvesen, datert 3.10.2018 og 12.2.2019

Uttale frå Opplysningsvesenets fond, datert 3.10.2018 og 7.2.2019

Uttale frå Susanne Humlestøl Skålvik, datert 8.10.2018 og 13.2.2019

Uttale frå Nordre Sunnmøre landbrukskontor, datert 8.10.2018

Uttale frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 11.10.2018 og 14.2.2019

Uttale frå Eirik Berg, datert 12.10.2018 og 17.2.2019

Uttale frå Tove Ytreid Andersen, datert 14.10.2018

Uttale frå Møre og Romsdal fylkeskommune, datert 19.10.2018 og 14.2.2019

Kommentar til illustrasjonane frå Skålvik, datert 10.4.2019

Kort samandrag av saksutgreiinga

Føremålet med planen er å etablere ein ny tilkomst som prioriterar mjuke trafikantar, aukar trafikktryggleiken og reduserer trafikken inne på skuleområdet. Dette gjer det muleg å etablere større areal til lek og aktivitetar slik at skulane tilfredsstiller gjeldande retningslinjer for uteopphaldsområde.

Varsel om oppstart vart kunngjort 14.9.2018, og nytt varsel om oppstart vart kunngjort 26.1.2019 med noko utvida planområde.

Rådmannen vurderer at planforslaget som no ligg føre er framtidsretta med tanke på elevtalsauken som er forventa ved skulane i sentrum dei komande åra. Den valde løysinga prioriterer miljøvenlege transportformer på bekostning av framkomst for bil, og tilrettelegginga har som mål at fleire skal gå og sykle til skule, barnehage og fritidsaktivitetar. Talet på parkeringsplassar er ikkje spesielt høgt med tanke på framtidige elevtal og at det også er kulturhus, idrettshall og barnehage i same området.

Rådmannen rår til at forslag til reguleringsplan for trafikkavvikling for skuleområdet i Skodje sentrum, vert lagt ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre, men plankart, planomtale og føresegner, datert 30.4.2019.

Saksutgreiing

Det faste planutvalet vedtok oppstart av planarbeid for gnr.25 bnr.29 m.fl i sak 42/18 i møte 5.6.2018. Det vart her lagt til grunn at forslaget til detaljplan skal bygge på vurderingar og konklusjonar frå rapport: Trafikale vurderingar – Skuleområdet i Skodje sentrum, april 2017.

Varsel om oppstart vart kunngjort 14.9.2018, og kommunen mottok ni innspel til planarbeidet. Det vart gjennomført drøftingsmøte med Statens vegvesen 2.1.2019. Ein valde å kunngjere oppstartvarselet på nytt 26.1.2019, med eit noko utvida planområde. Kommunen mottok då uttalar frå sju av dei same frå førre kunngjering. Mellombelse plandokument vart også gjort tilgjengelege på heimesida.

Medverknad og merknader

I samband med arbeidet med heilskapsplanen og anna planarbeid på skuleområda, har det vore brei medverknad med tilsette, elevar, politisk byggenemd, barnehagetilsette, FAU, driftsavdeling samt einingsleiar for kultur, folkehelse og frivilligheit. I fleire av desse møta har trafikale forhold vore tema, og slik har det vore ei brei involvering knytt til korleis området bør utviklast.

Grunna ein omfattande medverknad i samband med heilskapsplanen for område, har medverknad i detaljreguleringa for trafikkavviklinga ved skuleområdet blitt avgrensa til å bli gjennomført i tråd med det som er nedfelt i plan- og bygningslova. I tillegg har det blitt sett av to dagar der naboar fekk tilbod om å få drøfte sine synspunkt i møte med plankonsulent og kommunen, i tillegg til det som vart gitt av skriftlege innspel. Fleire partar og naboar nytte seg av dette tilbodet. Det har også blitt laga illustrasjonar av planområdet i vest, for å visualisere endringane for dei som blir mest berørt av tiltaket.

Merknadar og merknadsvurderingar står omtala i kapittel 9 i planomtalen. Merknadane blir kort gjengitt her, saman med rådmannen si vurdering.

Merknader

Kommunen mottok fire merknadar frå private, og fem frå offentlege høyringsinstansar. I andre kunngjering mottok kommunen tre uttalar frå private og fire frå offentlege høyringsinstansar.

Opplysningsvesenets fond gav uttale i brev datert 3.10.2018 og 7.2.2018. Dei ønskjer å bli involvert i drøfting, i god tid før offentleg ettersyn, av løysingar som best muleg ivaretek langsiktige utviklingsmuligheiter vestover frå det varsla planområdet.

Rådmannen vurderer at detaljreguleringa ikkje vil påverke eventuelle utviklingsmulegheiter vestover frå planområdet. Dei utarbeidde visualiseringane har blitt oversendt Opplysningsvesenets fond, og det har vore dialog mellom kommunen og grunneigar om dette grunnlaget.

Susanne Humlestøl Skålvik gav uttale i brev datert 8.10.2018. Dei ønskjer dialog om fjerning av ein innkjørsel som trafikktryggingstiltak.

Etter kunngjering om ny planavgrensing skriv Skålvik i brev datert 13.2.2019 at linja går veldig nært huset, og store delar av egedomen går tapt. Det vil no bli ein annan type trafikk forbi egedommen frå to siden, og dei ønskjer samarbeid om planløysinga og skjerming mot nord og vest. Skålvik ønskjer oppdatering på endringar og konkret plan når det nærmer seg.

Rådmannen har fått utarbeidd ei visualisering av planområdet i vest, for å synleggjere m.a. endringane for egedomen til Skålvik. I munnleg og skriftleg dialog med kommunen har Skålvik poengtert vanskar den valde løysinga vil kunne gi knytt til m.a. bruk av eksisterande garasje. I samband med realisering av planen, vil kommunen gå i dialog med Skålvik for å finne løysingar på dei utfordringane som blir peika på.

Eirik Berg skriv i brev datert 12.10.2018 at alternativ E i rapport om Trafikale vurderingar – Skuleområdet i Skodje sentrum datert april 2017, er beste og sikraste løysinga som ikkje aukar trafikkfaren og ikkje går ut over viktig landbruksareal. All dyrkamark på 25/3 er ein del av driftsgrunnlaget til Skodje Samdrift, og er eit krav frå bankane om sikkerheit for lån til Skodje fellesfjøs.

I brev datert 16.2.2019 skriv Berg at ei løysing utan parkeringsplass på gnr. 25 bnr. 19 bør utgreiast som ei sikker trafikkavvikling utan nedbygging av dyrkamark. Det bør ikkje komme endå ei avkøyrsløse. Fotgjengarovergang er for nær eksisterande avkøyrsløse i vest og vil bli uoversiktleg og trafikkfarleg då det også er avkøyrsløse for store landbruksmaskiner. Innvendigane dei har hatt mot planlagd regulering i brev datert 12.10.2018 har ikkje blitt tatt til følge. Desse gjeld framleis. Bilen har for stor plass i reguleringsforslaget. Nedbygging av dyrkamark undergrev driftsgrunnlaget for Skodje samdrift.

Rådmannen er klar over at vald trafikkkløysing for skuleområdet ikkje er den beste løysinga for landbruksinteressene, då det vil innebere nedbygging av om lag 3 daa dyrka mark. Rådmannen vurderer likevel at den valde trafikale løysinga er den løysinga som vil ivareta behovet for ei tryggare trafikkavvikling i dag, og som også ivaretek den forventa auka i elevtal på skulane i området fram mot 2030. Rådmannen viser elles til merknad og kommentar til merknad i vedlagt planomtale for utfyllande opplysingar om innspel frå Berg og kommunen sitt planforslag.

Tove Ytreid Andersen påpeikte i brev datert 14.10.2018 at det vil bli problematisk å stenge krysset Steinsvegen/Stadionvegen, og ho håpar ein del av dei fine trea på gnr. 25 bnr. 19 vert bevart.

Rådmannen viser til at det i gjeldande plandokument ikkje er lagt opp til stenging av Steinsvegen. Kommunen er også oppteken av å bevare nokon av trea på gnr. 25 bnr. 19.

NVE skriv i brev datert 1.10.2018 og 10.2.2019 generelt om at interessene knytt til flaum, erosjon og skred, vassdrag- og grunnvassstiltak, og energianlegg må vurderast i planarbeidet, og rår til å nytte fleire rettleiarar og verktøy.

Rådmannen finn at det ikkje er avdekt særlege interesser som må takast omsyn til i høve NVE sine fokusområder, og viser elles til sjekklisse for ROS-analyse i kapittel 8.

Statens vegvesen gav uttale i brev datert 3.10.2018. Dei skriv at planområdet bør omfatte heile fylkesvegstrekinga langs nordsida av varsla område for å få meir trafikktrygge og funksjonelle

løysingar og ei heilskapleg og samordna trafikalk planvurdering. Kryssutforming og friskt må vere i samsvar med krav, og det bør regulast felles avkøyrsløysingar for eksisterande avkøyrslers langs fylkesvegen mellom planområdet i aust og vest. Det bør takast høgde for at ny veg vil kunne bli tilkomstveg for eventuelt framtidig utbyggingsareal vest for planområdet.

I brev datert 12.2.2019 har dei ikkje merknad til den nye planavgrensinga.

Rådmannen sitt planforslag har i all hovudsak blitt endra i tråd med Statens vegvesen sine merknadar, som også vart utdjupa og diskutert med vegmyndigheitene i møte 2.1.2019. Ein ser det ikkje som hensiktsmessig å ha med heile strekninga sør for fylkesvegen mellom dei to avkøyrslene til skuleområdet i denne detaljreguleringa. Det vil vere naturleg at ei komande detaljregulering av arealet som ligg sør for fylkevegen, også regulerer avkøyrslers og gangveg tilpassa den aktuelle utbygginga.

Nordre Sunnmøre landbrukskontor påpeiker i brev datert 8.10.2018, at alternativ E i rapporten knytt til trafikkavvikling for skuleområdet, og vurderer at denne løysinga vil vere best for å ta vare på dyrka mark.

Rådmannen viser til rapport «Trafikale vurdering – Skuleområdet i Skodje sentrum» der ulike løysingar endra trafikkavvikling ved skuleområdet har blitt vurdert. Løysinga som inneber at ein unngår inngrep på dyrka mark har blitt vurdert her, og dette er ei løysing som Statens vegvesen ikkje kan akseptere då ein ikkje oppnår ei trafikktrygg løysing. Sidan betring av trafikktryggleiken er eit av hovudføremåla med tiltaket har ein valt å ikkje gå vidare med det alternativet. I kapittel 7.2.3 er det gjort greie for beslag av dyrka mark og interessemotsetnadar knytt til dette er omtala i kapittel 7.9. Frå kommunen si side er det vurdert at ein ikkje kan unngå inngrep i dyrka mark dersom ein vil betre dei trafikale forholda ved skuleområdet vesentleg.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal omtalar emna samfunnstryggleik og klimatilpassing, støy, barn og unge, og landbruk i sin uttale datert 11.10.2018. Dei skriv at det må gjennomførast ein risiko- og sårbarheitsanalyse for planområdet, og eventuelle område med fare, risiko eller sårbarheit skal merkast av i kartet med omsynssone, og ha føresegnar knytt til seg. Støy kan vere eit potensielt problem for støysensitiv busetnad i nærleiken, støyfagleg konsulent må vurdere om det er ei aktuell problemstilling. Dei rår til at ein finn strategiar for utforming som i størst muleg grad held attraktive leike- og opphaldsareal og viktige ferdselsveggar for mjuke trafikantar, fri for biltrafikk. Verknadanane for landbruket må bli grundig belyst i planprosessen, og fylkesmannen vil vurdere motsegn knytt til varig omdisponering av fulldyrka mark.

I brev datert 14.2.2019 har dei ikkje merknad til den nye planavgrensinga.

Rådmannen viser til at det ikkje er avdekt område med fare, risiko eller sårbarheit som gjer det nødvendig å regulere omsynssoner. Støyfagleg konsulent har gjort vurderingar knytt til temaet støy og har utarbeidd støynotat. Det er ikkje avdekt behov for avbøtande tiltak som skal framkome av plankartet.

Det har vore vurdert løysingar for å unngå inngrep på dyrka mark, jf. kapittel 6.2. Det vert vist til at ei løysing, som inneber tilkomst på areal gnr. 25 bnr. 19, er den beste løysinga for landbruket. Tilkomst via gnr. 25 bnr. 19 er ei løysing som Statens vegvesen ikkje kan akseptere då ein ikkje oppnår ei trafikktrygg løysing. Sidan trafikktryggleik er eit av hovudføremåla med tiltaket, har ein valt å ikkje gå vidare med det alternativet. I kapittel 7.2.3 er det gjort greie for beslag av dyrka mark og interessemotsetnadar knytt til dette er omtalt i kapittel 7.9. Frå kommunen si side er det vurdert at ein ikkje kan unngå inngrep i dyrka mark dersom ein vil betre dei trafikale forholda ved skuleområdet vesentleg.

Møre og Romsdal fylkeskommune skriv i brev datert 17.10.2018 at ideelt sett kunne utgreiingane i rapporten vore ein del av kunnskapsgrunnlaget, men det viktigast er at kunnskapsgrunnlaget blir nytta

i den kommande planprosessen. Det er ikkje kjende automatisk freda kulturminne i det aktuelle området, men ein ber likevel om at ein er varsam under opparbeiding av området og at arbeidet blir stoppa om ein kjem over noko som kan vere automisk freda kulturminne. Kulturavdelinga i fylkeskommunen må då bli kontakt for nærare avklaring.

I brev datert 14.2.2019 har dei ikkje merknad til den nye planavgrensinga.

Rådmannen viser til planføresegnene § 2.7 om kulturminne, som ivaretek omsynet knytt til automatisk freda kulturminne.

Føremål med planen

Det er fleire utløysande faktorar for detaljreguleringa for endra trafikkavvikling ved skuleområdet i Skodje sentrum. Det er mange barn og mykje biltrafikk inne på skuleområdet, og eit uoversiktleg trafikkbilete særleg morgon og ettermiddag med bilar og bussar. For nærare skildring av dagens trafikale situasjon, sjå planomtalen pkt 5.5.

Føremålet med planen er å etablere ein ny tilkomst, som saman med eit nytt samla parkeringsareal for skulane, aktivitetsområde, kulturhus og idrettshall, vil prioritere mjuke trafikantar, auke trafikktryggleiken og redusere trafikken inne på skuleområdet. Dette gjer det muleg å etablere større areal til leik og aktivitetar slik at skulane kan tilfredsstille gjeldande retningslinjer for uteopphaldsareal.

Skodje kommune har sidan 2017 arbeidd med ulike prosessar knytt til utvikling av skuleområdet på Skodje, med mellom anna trafikale vurderingar, rom- og funksjonsprogram for skulane, alternativvurderingar, samt skisseprosjekt for uteområda. Dette har munna ut i ein heilskapsplan for skuleområdet, som har danna grunnlaget for detaljreguleringa for dei nye trafikale løysingane.

Tiltaket inngår som ein del av den langsiktige målsetjinga for skuleområdet på Skodje, som er å:

- Vere eit samlande område for bygda og kommunen Skodje.
- Skape ein bilfri aktivitetscampus der folk med ulike interesser møtes, får nye impulsar vert stimulert og aktivisert.
- Skape gode samband som inviterer til opplevingar, aktivitet og sosiale møteplassar mellom dei etablerte funksjonane på Aktivitetscampus Skodje.

Omsynstilhøve

Grunnforholda og forureiningsfaren er nærare vurdert i planomtalen kapittel 5.10 og 5.11. Det har ikkje blitt avdekt forhold det må takast særskilt omsyn til i samband med detaljereguleringa.

Planforslag til offentleg ettersyn

I kapittel 6 er den nye løysinga for trafikkavvikling omtala. Det er heilskapsplanen for heile området som ligg til grunn for den valde løysinga. Fleire alternative trafikk-løysingar har vore vurdert og er omtalt i kapittel 6.2 i planomtalen. Dei alternative løysingane er samanstillt i rapporten Trafikale vurdering – Skuleområdet i Skodje sentrum, som er vedlagt denne saksutgreinga.

Den nye tilkomstløysinga viser ein ny vegtrase med avkøyninga vest for bustadane. Det er planlagt å kunne etablere køyring i begge retningar nord/sør. Vegen er lagt så langt vest som det er vist for å ivareta siktforhold i nytt kryss. Vegen har også ein avstand til tilliggande bustadeigedomar slik at dei får minst mulig ulemper med nærføring og ein unngår inngrep i murar, hekkar og gjerder på eigedommane. Vegen er regulert med breidde for to felt for å ta høgde for ei framtidig vegløysing til skuleområdet og ev. vestover mot Grindvika. I planen viser starten av regulert gang- og sykkelveg mot Grindvika. I første omgang kan det vere aktuelt å bygge vegen som ei einvegskøyrd løysing.

Frå der vegen gjer ein sving austover viser reguleringsplanen eitt køyrefelt. Det er planlagt einvegskøyningar frå vest mot aust, og utkøyring ved eksisterande kryss mellom Stadionvegen og fylkesveg 661. Langs den einvegskøynde vegen skal det avviklast skuleskys med tilkomst til skuleområdet utan kryssing av køyreveg. Dette er utforma som kollektivhaldeplass for tre bussar og korttidsparkering for henting og levering av elevane. Stadionvegen vert snevra inn i forhold til dagens veg, og det blir etablert nytt fortau på austsida av vegen på dagens vegareal. Ein beheld fortauet på vestsida av vegen og forlengar det vidare vestover til eit nytt trygt kryssingspunkt bak busslommene. Bustadtomta på gnr. 25 bnr. 19 er regulert til felles parkeringsareal til både skulane og Gomerhuset. Denne har tilkomst via den nye vegen som kjem inn til skuleområdet frå vest.

Meir detaljert presentasjon av samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur er å finne i kapittel 6.3.1 i planomtalen.

Planen sine verknader

Vurdering av verknadar av planen er omtala i kapittel 7 i planomtalen. Her er utvalde områder nemnt. Fylkesmannen sin risiko- og sårbarheitsanalyse er nytta for å avdekke eventuelle utfordringar. Denne er å finne i kapittel 8.

Landskapsbilete og topografi

Det er viktig å ha ei god arrondering av sideareal for at vegen ikkje skal vere for dominerande i landskapet. Ein vil søke å gjere parkeringsanlegget på gnr. 25 bnr. 19 til eit mindre dominerande landskapselement ved å ivareta eksisterande vegetasjon inn på arealet og som buffersoner rundet. Dette er ivartatt i føresegnene.

Natur, miljø og friluftsliv

Planen vil beslaglegge ei stripe med dyrkajord, som vert omdisponert til vegtrasé. Det er ikkje forventa at planen vil medføre beslaglegging av ytterlegare urørte areal i framtida. Føresegnene stiller krav om å unngå spreiding av framande artar i samband med planting av ny vegetasjon.

Ein liten del av eksisterande lysløype nord for ballbingen vil bli berørt av tiltaket. Dette er det tatt omsyn til i pågåande planlegging av oppgradering av lysløype. Nokre bustadar får ny veg tett inn til eigedomsgrensa. I konkrete tilfeller må det i samband med utbygginga vurderast om det bør setjast opp tiltak, som støy- eller vegetasjonsskjermer, som reduserer ulempene til desse bustadane.

Ved bygging av einfeltsveg så vil ikkje tiltaket medføre inngrep. Ved tofeltsveg i vest vil omsyn til sikt medføre verknad i form av riving av garasje og stramme opp eller fjerne ei blodbøk på gnr. 25 bnr. 4.

Landbruk

Det vil bli beslaglagt 3,2 daa jordbruksareal til køyreveg, fortau og anna veggrunn. Midlertidig beslag i samband med utbygging utgjer 0,57 daa.

Det er ei nasjonal forventning at stadutviklinga skal skje rundt eksisterande by - og bygdesentra med fortetting av tettstadsområda. Det vil dermed vere behov for å vurdere inngrep i jordbruksområde som grensar inn mot by - og bygdesenter i periferien til bysentra dersom det kan bidra til ei berekraftig stadutvikling. Utvikling i og rundt sentrale område kan også bidra til å redusere utbyggingspress på dyrka marka i områda med spreidd utbygging utanfor tettstadene.

Det er vurdert at inngrepet er naudsynt for å kunne etablere ei framtidsretta og trafikksikker tilkomstløysing til Skodje sitt sentrale område for oppvekst, læring, aktivitet og kultur.

Trafikktilhøve

Einvegsreguleringa vil skape eit meir oversiktleg trafikkbilete og medfører mindre belastning på dei einskilde kryssa. Ved å samle parkeringsarealet unngår ein køyring inne på skuleområdet. Krysset

mellom Steinsvegen og Stadionvegen får truleg redusert bruk og blir tryggare for gåande og syklende, då mange vil oppfatte det som ein omveg å nytte ny einvegskøyrd veg frå vest.

Sosial infrastruktur

Tiltaka som er vist i planen er vurdert som nødvendig for å tilrettelegge for den planlagde utvidinga av skulebygga og oppgraderinga av uteområdet.

Økonomiske verknader for kommunen

Planlegging og realisering av tiltak nemnd i planen må berast av det offentlege. Dette gjeld både bygging, drift og vedlikehald. I dette inngår også grunnverv og innløyising.

Vurdering

Føremålet med denne planen er å etablere ein ny tilkomst, som saman med eit nytt samla parkeringsareal, vil prioritere mjuke trafikantar, auke trafikktryggleiken og redusere biltrafikken inne på skuleområdet. Tiltaket gjer det muleg å etablere større areal til leik og aktivitetar slik at skulane tilfredsstiller gjeldande retningslinjer.

Alternativ løysing for trafikkavvikling som ikkje inneber inngrep i dyrka mark har blitt vurdert, men denne løysinga gir ikkje trafikkikker løysing, og er heller ikkje ei løysing som Statens vegvesen kan akseptere.

Rådmannen viser til at vekst i elevtal gir behov for utviding av bygningsmasse og større utomhusareal, og då er ein avhengig av å endre trafikk-løysinga som er i området i dag for å frigjere parkeringsareal. I tillegg blir trafikkavviklinga, særskilt i samband med skulestart og skuleslutt, opplevd som uoversiktleg og utrygg, særleg for gåande og syklende.

Rådmannen vurderer at planforslaget som no ligg føre er framtidsretta med tanke på elevtalsauken ved skulane i sentrum. Den valde løysinga prioriterer miljøvenlege transportformer på bekostning av framkomst for bil, og tilrettelegginga har som mål at fleire skal gå og sykle. Talet på parkeringsplassar er ikkje spesielt høgt med tanke på framtidige elevtal og at det også er kulturhus, idrettshall og barnehage i same området.

Rådmannen viser til saksdokumenta og eigne vurderingar ovanfor, og rår til at forslag til reguleringplan for trafikkavvikling for skuleområdet i Skodje sentrum, vert lagt ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre, men plankart, planomtalet og føresegner, datert 30.4.2019.

INNSTILLING:

Rådmannen si innstilling

Det faste planutvalet vedtek med heimel i plan- og bygningslova § 12-10, å legge forslag til reguleringplan for trafikkavvikling for skuleområdet i Skodje sentrum, vert lagt ut til offentleg ettersyn slik den ligg føre, med plankart, planomtale og føresegner, datert 30.4.2019